



Elevrepresentant Andreas Wassberg

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2226 - 18/36627

Saksbehandlar:

Morten Olsen Schulstad

morten.olsen.schulstad@lindas.kommune.no

Dato:

06.12.2018

Referat frå møte i SU/SMU Knarvik ungdomsskule 04.12.18

Til stade: Elevrepresentant Sigurd Torpe, elevrepresentant Andrea Kvalø (vara for Andreas Wassberg), foreldrerepresentant Arne Ramslien, foreldrerepresentant Unnhild Vassdal, kommunal representant Leif Hosøy Sleire, lærarrepresentant Marit Tømmermo, lærarrepresentant Tone Gunn Solsvik, representant andre tilsette Hans Ketil Porsmyr (vara for Ingeborg Witsø) og rektor Morten Olsen Schulstad (ref.).

Sak 01/2018-19 Gjennomgang av oppgåvene til SU/SMU

Rektor orienterte om kva mandat Su og SMU har og kva type saker ein kan forventa å arbeide med. Medlemane fekk og utlevert informasjonsskriv.

Sak 02/2018-19 Konstituering av SU/SMU

Leiar av SU/SMU har tradisjonelt vært ein av elevrepresentantane. Andrea Kvalø meldte si interesse for vervet men ettersom ho er vara fordrar det eit bytte mellom ho og Andreas Wassberg. Val av leiar blir difor utsett i påvente av at elevrådet godkjenner eit slikt bytte.

Nestleiar ble Arne Ramslien. Sekretær ble Morten Olsen Schulstad.

Sak 03/2018-19 Orientering om saker i SU/SMU førre skuleår.

Rektor orienterte om dei største sakene som ble jobba med førre året. Prosessen rundt godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern var eit stort fokusområde i tillegg til arbeid med elevundersøkinga og skulen sitt behov for datamaskinar. I dei to siste sakene ser rektor ein positiv utvikling. Skulen har fått på plass fleire maskinar og det jobbast godt med det psykososiale miljøet til elevane. Miljøretta helsevern er ein eigen sak på agendaen.

Sak 04/2018-19 Godkjenning av skulen sitt ordensreglement

SU gjekk einstemmig inn for to endringar:

Under overskrifta Læringsmiljø stod første punkt slik:

På Knarvik ungdomsskule kan ein berre nytta elektronisk utsyr som kan kommunisere, til dømes mobiltelefon, smartklokke, nettbrett, pc etter avtale med vaksen.

Punktet er no endra til:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



På Knarvik ungdomsskule kan ein berre nytta elektronisk utsyr som kan kommunisere etter avtale med vaksen.

Punkt 4 under same overskrift stod slik:

På Knarvik ungdomsskule brukar me ikkje tobakk, snus og rusmidlar på skulen.

Punktet er no endra til:

På Knarvik ungdomsskule brukar me ikkje tobakk, snus eller rusmidlar.

Sak 07/2018-19 Søknad om godkjenning av skulen etter forskrift om miljøretta helsevern

Rektor orienterar om at ny søknad er sendt. Skulen har gjort det den kan for å etterkomme krava i avslaget. Tilsyn av skulen blir onsdag 12.12. Skulen har fått signal om at det ikkje er nok uteområde tilknytt bygga. Det er anslått at det manglar rundt 3500 kvadratmeter for at skulen skal kunne bli godkjent.

SU stiller spørsmål ved om dette er rett fokus då ein i utgangspunktet er nøgd med uteområdet slik det er. Rektor har løfta saka til eigedomsavdelinga som vil delta på tilsynet saman med rektor. Rektor vil komme med tilbakemelding frå tilsynet til SU.

Det ble òg drøfta om kva skulen gjer i høve til eit stadig aukande elevtal. Om tendensen fortsett vil det snart være 5 klassar på alle stega. Det finns ikkje klasserom nok til så mange klassar og skulen vil då uansett ikkje bli godkjent. SU er einige om å skrive eit brev til kommunen der ein etterlyser ein plan for korleis skulen skal møte desse utfordringane. Rektor vil skrive eit utkast i etterkant av tilsynet frå miljøretta helsevern.

Sak 08/2018-19

Rektor informerer om at medlemene i SU har teieplikt om konfidensielle opplysningar som måtte komme fram i SU/SMU

Møte i skulemiljøutvalet.

I skulemiljøutvalet skal elevane og foreldra sine representantar være i fleirtal. Kommunal representant og representant andre tilsette forlèt difor møte.

Sak 01/2018-19 Elevmiljøet på skulen.

Elevane fortalte om kva oppfatning dei har av miljøet på skulen. Stort sett er inntrykket positivt, men det er nokre elevar som går mykje aleine i pausane. Det er òg lite samhandling mellom stega. Det er viktig at dei vaksne på skulen er merksame på dette.

Det er også ein del uro i gangen til 8. steget. Rektor er oppfordra til å ta ein prat med klassane på steget om korleis skulen ønskjer at elevane skal oppføre seg og det skal han gjere.

Sak 02/2018-19 Sak om spisetid

Elevrådet ønskjer å kutte ned matpausen til 15 min. FAU har i sitt møte gått inn for å halde på 20 min. Lærarane er delte. Etter avstemming er det no bestemt at det fortsatt er 20 min.

Sak 04/ Ymse

Det kom ikkje opp noko på møtet.

Med helsing

Morten Olsen Schulstad
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Elevrepresentant (vara) Andrea
Kvalø
Elevrepresentant (vara) Thea Marie
Frotjold
Foreldrerepresentant (vara) Argita
Lleshi
Foreldrerepresentant (vara) Beathe
Nilsen
Kommunal representant (vara) Dan
Olsen
lærerrepresentant (vara) Astrid
Oma
lærerrepresentant (vara) Jorunn
Margrete Blindheim
Representant andre tilsette (vara)
Hans Ketil Porsmyr

Mottakarar:

Elevrepresentant Andreas Wassberg
Elevrepresentant Sigurd Torpe
Foreldrerepresentant Arne
Ramslien
Foreldrerepresentant Unnhild
Vassdal
Kommunal representant Leif Hosøy
Sleire
Lærerrepresentant Marit
Tømmermo
Lærerrepresentant Tone Gunn
Solsvik
Representant andre tilsette
Ingeborg Witsø

